



## Utvida gravplassen på Landro

---

SIDE 8



## Kyrkjevalet 2019

# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år.  
For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:**  **DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjell kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidedeilete:** Arbeidet på Landro gravplass  
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellesråd,  
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksadresse:** Fjell kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell  
www.kyrkja.no/t-dagen

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellesråd:** 1503.84.35067

## Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:  
17. september 2019

# Leiar

Så er det snart slutt på sommaren for i år, i alle fall etter kalenderen. Rundt hjørnet kjem ei kommunesamanslåing som også påverkar Den norske kyrkja i Fjell, Sund og Øygarden. Ordninga med kyrkjelege fellesråd frå 1996 følgjer kommunegrensene. Når kommunane vert slått saman vert også fellesrådgrensene endra. Det kyrkjelege fellesrådet er samansett av medlemmer frå sokneråda. Fellesrådet har m.a. arbeidsgivaransvar for tilsette (ikkje prestane), økonomiansvar og ansvar for å forvalte gravferdsordninga. Kyrkjeverja er dagleg leiar for denne verksemda.

Allereie frå september vil det som var tre kyrkjestabar arbeide som éin stab. Formelt sett trer ikkje det nye fellesrådet i funksjon før 1.12.2019, men hausten vert brukt til å innarbeide det som er bestemt med

**Olav Martin Vik**  
Kyrkjeverje og redaktør



omsyn til organisering og lokalisering av fellesrådet si verksemd.

For oss tilsette er det ei spennande tid me går i møte. Me kjenner ikkje dei økonomiske rammene for det nye fellesrådet, noko som har ført til at nokre viktige element i samanslåinga ikkje har fått ei avklaring.

Alle våre tilbod og aktivitetar er i full gang når du les dette bladet, etter sommardvalen. Du er velkomen til å delta! Du er også velkomen til å delta som frivillig. Me treng mange fleire frivillige medarbeidarar i åra som kjem. Ta kontakt med nokon du kjenner i kyrkjelyden eller du kan kontakte kyrkjekontoret.

Ha ein fin haust.

## Felles postmottak for nye Øygarden kyrkjelege fellesråd frå og med 1. september

I samband med samanslåing av fellesråda Fjell, Sund og Øygarden, vert e-postmottaket samla til  
**post.oygarden@kyrkja.no**



## Velkommen Kristin!

Kristin Hjertaker (51) er sokneprestvikar i Fjell fram til ca. 1. desember. Ho er nyleg utdanna prest frå MF. Tidlegare har ho m.a. arbeidd som lektor, journalist og kommunikasjonsrådgjevar.  
– Eg brenn for at fleire skal kjenna seg heime i kyrkja, seier Kristin.  
– Eg trivst veldig godt i tenesta her i Fjell og gler meg til hausten, legg ho til. Kristin er oppvaksen på Tysnes og bur i Bergen.

**Knut Kaldestad**

Prostiprest



## Gracias og gracia - Takk og nåde

I seks år var eg sjømannsprest på Lanzarote. Eg var først og fremst prest for nordmenn i utlandet. Det vart mykje vaflar og risgraut og prat om Gamlelandet. Og praten gjekk som oftast på norsk. Men litt spansk lærde eg medan eg var der. To viktige ord liknar mykje på kvarandre på det språket: Gracias og gracia. Gracias betyr takk og gracia betyr nåde.

No når eg skal ta til som prostiprest i Vesthordland, vil eg løfte fram desse orda: Takk og nåde. For eg tenkjer: Det er mykje å være takksam for. Ikkje minst fordi eg – og mange andre – har møtt gode og rause menneske. Då kan vi takke for tilgjeving og nåde. Det menneske som kan kjenne på takksemnd og uttrykke takk, er rik.

Eg takkar for dei menneska som har berika meg med sitt nærver og sine ord. Eg takkar for gode og rause menneske eg har møtt på øyane her

i vest – og ser fram til nye møte. Då seier eg som apostelen:

«Eg takkar alltid min Gud for dykk, for Guds nåde som er gjeven dykk i Kristus Jesus. I han har de vorte rike....» (1 Kor 1,4f)

Når eg no går inn i ei ny presteteneste i fleire kyrkjelydar, helsar eg dykk med nokre viktige bibelvers. Ord som har prega meg sidan eg vart med i Laget og Joy Sing Sandane på 1970-talet:

«For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.» (Ef 2,8-10)

Gud, Skaparen, er overalt. Guds nåde er tilgjengeleg for alle. Vi møter det i Ordet og ved Bordet når vi møtes til gudsteneste. Nåden er ditt

## Innhald

Ny prostiprest .....	4–5
Nye ungdomsarbeidarar.....	7
Landro gravplass .....	8–9
Dette skjer .....	10–11
Ny leiar for diakoni.....	12
Kyrkjevalet 2019 .....	13–16
Faste aktivitetar .....	17
T-dagane.....	18–19

«kvardagskår», slik det vert uttrykt i ein salme (Norsk salmebok nr. 500):

Nåden er kvar dag å få Herrens  
kjarleiksgåve  
Nåden er kvar natt du kan i Guds  
omsorg sove  
Utan håp og utan Gud let vi døden  
råde.  
Tru og håp og kjarleik blir  
gitt av berre nåde.

Har vi fått nåde heilt gratis, er vi  
kalla til å takke, seie gracias – og  
så gje nåde vidare. Å vandre i gode  
gjerningar. Å dele nåde, gracia, raust  
til andre.



## Avsluttar tenesta som prost i Vesthordland prosti

Prost Erling Kopperud avsluttar tenesta som prost i Vesthordland prosti ved utgangen av oktober 2019. Det er 20 år sidan Vesthordland prosti vart oppretta og Erling Kopperud har tenestegjort som prost i heile denne perioden. Kyrkjeverja vil ha eit intervju med Erling i neste nummer av bladet.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

**Avskjedgudsteneste  
for Erling Kopperud  
vert i Foldnes kyrkje  
søndag 27. oktober  
kl. 18.00**

# Ny prostiprest i Vesthordland prosti

Knut Kaldestad er tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti etter Helge Unneland som gjekk av med pensjon i sommar. Som prostiprest vil kyrkjelyden sjå mykje til Knut når soknepresten har sine fridagar og ferieveker. Han vil ha sitt virkeområde hovudsakleg i Fjell og Øygarden.

## *Kven er Knut Kaldestad?*

Eg er ein nordfjording som trivst godt i Fjell og det som skal bli nye Øygarden. Eg er ein takksam og glad mann, gift med Anne (som er pedagogisk leiar i kyrkjelyden). Og eg er ein prest som er glad i menneske og vert berika av gudstenester, som likar å forkynne og gledar meg til nye utfordringar.

## *Kva er ditt forhold til kommunane Fjell, Sund og Øygarden?*

Eg vart kjend med folk på øyane her vest då eg arbeidde i Bibelselskapet, med Aksjon Handskriven Bibel og innsamling til barnebiblar i Ukraina, Bibeldags-gudstenester, Vandring gjennom Bibelen og andre arrangement. Sidan 1997, då eg gifta meg med Anne, har eg budd i Fjell, først på Eide og sidan på Søre Bildøy. Då har eg møtt mange menneske

som eg har blitt glad i og inspirert av. Og eg veit at eg framleis har mykje å lære, både om Sund, Fjell og Øygarden.

## *Kvifor vart du prest?*

Eg har vore kristen sidan eg vart døypt i april 1955. I følgje Luther er alle som er døypte prestar, kalla til å forkynne Guds storverk. I det kristne ungdomsarbeidet i Gloppen fekk eg oppgåver som leiar og andaktshaldar. Eg vart inspirert til å studere teologi, som mange ungdomar frå Gloppen gjorde. Og når eg vart ferdig, opplevde eg det naturleg og meningsfullt å bli prest. Det berikar meg som menneske og som kristen.

## *Du har arbeida i Sjømannskyrkja. Korleis var det?*

Anne og eg har arbeidd på Lanzarote som vertskap og sjømannsprest. Det

var seks flotte og lærerike år, med flotte menneskemøte, godt klima og vakker natur. Mange som ikkje går så mykje i kyrkjer i Norge, kom til sjømannskyrkja og opplevde det som ein raus møteplass. Slik kan det òg vere i kyrkja her heime.

## *Kvifor vil du vere prostiprest i Vesthordland?*

Etter å ha pendla til Bergen i fire omgangar, i Bibelselskapet og Bymisjonen, til Haraldsplass og Fridalen, skal eg no endeleg vere prest der eg bur. Eg gler meg til å verte prostiprest og ha gudstenester og møte menneske – både i Hjelme, Blomvåg, Landro, Fjell og Foldnes. Så får eg lov til å samarbeide meir med Anne, kona mi, mellom anna ved Ungdomsleiarforum og Retreat i Fjell.



Foto: Privat

### KNUT KALDESTAD

- Alder: 64
- Vaks opp: I Gloppen
- Utdanning: Teolog med vidareutdanning i sjelesorg og vegleiing
- Tek til i stillinga: 1. september

### *Korleis vert du opplevd som prostiprest, trur du?*

Dette bør vel helst andre svare på. Men eg håpar at folk vil oppleve meg som ein positiv og venleg mann, ein som ønskjer å følgje Jesus og verte prega av han. Eg håpar at folk vil oppleve meg som ein prest som tek folk på alvor med livet deira, slik det

er, og som forkynner Gud, Skaparen som alltid opnar seg i grenselaus kjærleik. Som prest vil eg gjerne gje menneske mot til tru, håp og engasjement.

## Morgongretne morgonfuglar?

Utan å vere særskild glad i å stå tidleg opp, har sokneprest Maria Tveten og Torbjørg Andersen beslutta å stå litt ekstra tidleg opp siste torsdag kvar månad, for å kome saman og be før dei går på arbeid.

Denne hausten inviterer nemleg kyrkjelyden i Foldnes til ope bønemøte den siste torsdagen i månaden frå kl. 07.30-08.00. Frå før har kyrkjelyden ei bønering, kor det er mogeleg å melde bønemner som blir sende ut til ei gjeng trufaste forbedarar som har forplikta seg til å be samstundes som dei har taushetsplikt om det dei får vite. På nettsida til Foldnes kyrkje, er det og nye bønemner som vert delt kvar veke.

Så anten du skal rett vidare på arbeid klokken 08.00 eller du kan fortsette dagen ein annan plass, om du er ein morgonfugl eller ikkje, om du er ein som brukar mykje tid i bøn eller om du er ein som aldri har bedt i lag med andre, eller om du er midt i mellom, så kan du få koma den siste torsdagen i kvar månad og vere saman med oss andre morgongretne morgonfuglar.

## Uforgløyemelege Pasjonsspelet i Oberammergau



Screenshots frå tidlegare pasjonsspel i Oberammergau.

I snart 400 år har innbyggjarane i den vesle alpelandbyen Oberammergau kvar 10. år framført Pasjonsspelet om Jesu lidning, død og oppstode for millionar av tilskodarar frå heile verda.

**Turleiar: John Solsvik frå Øygarden**

**10. – 17. juli 2020 (8 dagar)**

**Turpris: kr. 18500,-**

**Arrangør: Globus Travel**

**Kontakt: 924 68 547 (mobil)  
el.johns@dagen.no**

I 2020 skal spelet framførast 104 gonger frå 16. mai til 4. oktober. Bli med på ei gripande oppleving i det naturskjöne område i Bayern i Sør-Tyskland. Ei veker tur der vi også skal innom Hitlers Ørnerede i Berchtesgaden, Innsbruck, Salzburg, Wien m.m. Fly til München, turistbuss med norsk sjåfør, retur heim med fly frå Wien.

## Sotra Reviderte er 40 år!



Og like ung,  
sjølv om enkelte har vore med frå starten.

Vi øver som alltid i Fjell kyrkjelydshus tysdag frå klokka 19.00 til 21.30 med kaffipause mellom 20 og 20.30.

I haust feirar vi 40 årsjubileum med kor-tur til Isle of Man i oktober, tradisjonell engelsk Evensong 3. november og jubileumskonsert 10. november.

Dersom tidlegare kormedlemmer kan tenkja seg å vera med på jubileumskonserten er de hjarteleg velkomne både som deltakarar og tilhøyrarar. Det er berre å gje melding til Olav Sørheim, 926 15 988, eller Tor Amund Gjersvik, 908 62 603, dersom de vil vera med.

## Fjell kyrkjebrass haust 2019

Fjell kyrkjebrass er i gang att etter sommaren med øvingar i Fjell kyrkje annankvar torsdag på oddetallsveker.

På planen denne hausten står samarbeid med Sund Brass med seminar 14. og 15. september. Det finn stad i Skogsvåg skule og ender i musikk-kafé-konsert i Stranda-hallen søndag ettermiddag.

Kyrkjebrassen planlegg, med sin besetning på 12 blåsarar, å sette opp same speleprogrammet i Fjell kyrkje

ein torsdag i oktober, saman med Sund Brass.

Ellers blir kyrkjebrassen i alle høve å høyra på nokre gudstenestar i Fjell kyrkje også denne hausten og når Vi syng jula inn i Fjell.

*-Olav Sørheim*



## Nye ungdomsarbeidarar

Kyrkja ønskjer våre to nyttilsette ungdomsarbeidarar Matilde Solsvik og Magnus Krogh varmt velkomne til kyrkjelydane og til staben!

**TEKST: RANNVEIG VESTBØSTAD VIK**  
**FOTO: BEATE SØRHUS**

Matilde er 19 år, kjem frå Vik i Øygarden, og har det siste året vore i London der ho har jobba på KFUK-heimen. I år skal ho gå på Bibelskulen Substans i Bergen, samstundes som at ho skal jobbe i kyrkja, med arbeidsstad både i Hjelme og Blomvåg sokn og Landro sokn. Det blir leiaroppgåver i konfirmantarbeid, korarbeid, leir, bibelgrupper og klubb for Matilde ved sidan av studiane.

Magnus er 21 år og kjem frå Ålgård i Rogaland. Han går andre året på teologistudiane ved NLA Høgskulen i Bergen. Magnus skal jobbe mest saman med ungdomane i FUNK (FjellUNGdomen i Kyrkja), med leiartrening (MlniLeiarKurs), Ungdomslørdag, bibelgrupper, tensing Lukas og leirar.

**Velkomen til onsdagsmøte i Landro kyrkje!**

Tale, lovsong og sosialt samvere. Møta tek til klokka 19.30 og er ferdige (ca) 21.00. Møta er opne for alle som vil vere med i eit godt fellesskap!

18. september: Alvhild Vassel Eide  
16. oktober: Songkveld med Telos  
30. oktober: Kristin Hjertaker  
13. november: Rune Landro  
27. november: Egil Hjortland

Det blir enkel servering (truleg frukt, kaffi, te) alle kveldar.

# Konfirmantjubileum 2019 i Fjell kyrkje

Dette året vert konfirmantjubileet søndag 13. oktober.

Jubilantane er dei som er konfirmerte i 1934, 1939, 1944, 1949, 1959, 1969, og 1979. Vi startar med gudstenesta kl. 11.00, og etterpå skal vi ta nokre jubileumsbilete inne i kyrkja, før vi flyttar oss til kyrkjelydssalen for middag, kaffi og kaker. Pris kr. 385,-. I tillegg kjem kr. 65,- for dei som ynskjer bilete tilsendt.

Vi sender brev til dei som vi har adressa til, men veit av erfaring at vi ikkje når alle. Vi er takksame for å få tips om navn og eventuell adresse viss du veit at nokon frå kullet ditt har flytta, eller tidlegare ikkje har motteke invitasjon.

Påmelding til kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40 innan fredag 4. oktober eller på mail til; g-fjela@online.no innan tirsdag 08.10.19. I tillegg til navn, ynskjer vi å få konfirmasjonsår, telfonnr. og adresse. Dersom nokon har noko form for sjukdom som treng særskild kost, t.d. diabetes, glutenallergi o.l. er det fint viss det kan gjevast opplysningar om, ved påmelding.

**Velkomne til Konfirmantjubileum!**

# Landro gravplass er utvida

Arbeidet med å utvide Landro gravplass nærmar seg ferdigstilling. Søndag 29. september vert den nye delen vigsla. Det er Fjell kommune som finansierer gravplassutbygginga. Kommunen har også hatt ansvar for planlegging og byggeleing, på vegne av Fjell kyrkjelege fellesråd.

TEKST: OLAV MARTIN VIK

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Den nye gravplassen ligg aust for den gamle. Her ser me mot vest, mot den gamle gravplassen.

**Bjarte Nese** er sokneprest i Landro, han forrettar i gravferder og leiar seremonien ute på gravplassen.

*Kva tenkjer du no, når du ser ut over den nye gravplassen?*

Eg synest det er godt at ein får fornya kapasitet på gravplassen på

Landro. Dette har vore ei uro den seinare tida. Det er også fint at den er i såpass nærleik til kyrkja, at ein kan gå frå kyrkja til gravplassen i samband med gravferder. Dette er ein viktig stad i eit lokalsamfunn, for dei fleste av oss som bur i området har kjent nokon som ligg gravlagt

## LANDRO GRAVPLASS

- Tal kistegraver: 514
- Tal urnegraver: 162
- Tal muslimske graver: 41
- Anleggsperiode: desember 2018 – september 2019
- Kostnad: ca. 30mill. inkl. mva.
- Arkitekt: Nathaniel J. Behrends, Rambøll Norge AS
- Totalentreprenør: Sartor Maskin AS
- Underentreprenørar:
  - Anleggsgartnermester Askeland AS
  - Straume Mesterbygg AS
  - Algrøy elektro AS
  - AS Toft Mesterrør

her. På gravplassen kjem ein i kontakt med minner, og lever opp igjen det som ein gong var. Kvart menneske som ligg her, har gitt noko gjennom livet sitt. Dermed kan vedkommande framleis bety mykje. Minnene lever. Så det er fint at gravplassen er laga på ein verdig måte.



Seksjonsleiar Norvald Snekkevik ved det som vert minneveggen.



Løa som stod på eigendommen vert tatt vare på, og skal brukast av driftseksjonen.

**Norvald Snekkevik**, seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar i nye Øygarden kyrkjelege fellelsråd, er letta over at den nye gravplassen snart kan takast i bruk. Det er få ledige graver att på den gamle delen.

*Norvald, du har kjent på angsten for å gå tom for graver på Landro. Er du letta når me no kan ta i bruk ein ny gravplass?*

Ja, klart eg er letta. Eg var kyrkjetenar/gravar i Landro på 90-tallet og var også med på førre utviding som var i februar 1994. Den hadde omlag 500 kistegraver. 25 år etter må vi på nytt utvide gravplassen. Dette viser at folketalet nord i kommunen aukar og behovet for graver aukar tilsvarande. I påvente av denne utvidinga har vi begynt å bruke sletta graver for å fylla behovet for graver.

*Kva vil du seie om prosessen frå ein kom i gong med arbeidet?*

Proessen har vore god – godt samarbeid mellom dei ulike aktørane, Fjell Kommune og Sartor Maskin som hovudentreprenør og kyrkjeleg fellelsråd. Vi har hatt jamnlege byggemøte og vorte godt informert undervegs.

*Er du nøgd med anlegget?*

Anlegget er flott og no gjeld det for oss å drifta dette anlegget på best

mogleg måte og det har eg tru på at vi skal klara.

*Kva vil du løfte fram spesielt med denne gravplassen?*

Denne gravplassen er spesiell i og med at gravmassane består av skjellsand – dette er brukt andre stadar med god røynsle. Det som i så måte kan vera utfordrande er at grasdekket vil tørka ut – men med nedbørsmengdene på vestlandet burde ikkje dette vere noko stort problem. Gravplassen har også namna minnelund og eige gravfelt for muslimar.

**Jostein Sangolt Foldnes** i

Fjell kommune har hatt ansvar for planlegging og bygging av den nye gravplassen.

*Du Jostein fekk ansvaret for dette store prosjektet. Korleis har det vore?*

Det har vore veldig kjekt å få følgje prosjektet heilt i frå reguleringsarbeidet fram til snart ferdigstilt utvida gravfelt på Landro, inkludert veg og fortau langs anleggsområdet. Det har vore utfordrande til tider sidan vi har hatt litt press på gjennomføringstida. Det har gått bra som følgje av flinke medarbeidarar eksternt og internt i Fjell kommune. Det har vore veldig kjekt å samarbeide med Norvald og

kyrkjevevje Olav Martin, og eg synest samarbeidet har fungert godt og at resultatet vert veldig bra.

*Det har vore ein kontinuerleg trykk på framdrift. Har aktørane fungert godt saman?*

Alle aktørane har heile tida vore med og gjort det som er mogleg for å halde oppe framdrifta i prosjektet. Alle aktørane frå rådgjevar, rådmann/planavdeling i Fjell kommune, FjellVAR, kyrkjeleg fellelsråd, og til sist totalentreprenør Sartor Maskin og deira underleverandørar, har medverka med det dei kan for å sørge for ei god og rask gjennomføring. Sartor Maskin har hatt veldig god framdrift heile vegen, på tross av at det har vore utfordrande med veg tett på og høgspent som måtte leggest om.

*Har me halde kostnadsramma?*

Slik det ligg an no kjem vi til å halde kostnadsramma for prosjektet.

*Er du nøgd med anlegget?*

Eg syns det vert eit flott anlegg. Synes arkitekt i samarbeid med kyrkjeleg fellelsråd (Olav Martin og Norvald) og Sartor Maskin har laga eit fint anlegg, som tek vare på ein del kvalitetar frå i området.

## KM KLUIZZ

Datoer høsten 2019



På annonserte tirsdager  
fra kl.16.30 i Foldnes kirke.

Program:  
16.30- Middag  
Kort andakt  
Aktiviteter  
ca. 18.30- Vel  
hjem

**Alle er hjertelig velkommen**

25 kr. pr. person. Makspris pr.  
familie 100 kr.

Følg gjerne Facebook siden vår "KM  
Kluzz" for oppdateringer

03. September  
01. Oktober  
29. Oktober  
26. November

Datoer våren 2020

21. Januar  
18. Februar  
17. Mars  
12. Mai  
09. Juni

Kontaktperson:  
Janne-Lin Fjeld  
Andersen  
95014498

# Nordre Fjell barne- og tweenskor

LANDRO KYRKJE



**Barnekoret** i alderen 1.-4. klasse,  
øver kvar tysdag frå kl. 17.30 til 18.35  
i Landro kyrkje.

**Tweenskoret** i alderen 5.-8. klasse,  
øver kvar tysdag frå kl. 18.40 til 19.45  
i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta.  
Semesteravgift på kr. 100,-

**Noko av det som skjer i haust:**

**Torsdag 31. oktober** skal vi ha  
«Halloween»- arrangement i  
Ågotneshallen kl. 17.00, der vi har  
minikonsert med Bjarte Leithaug.

**Søndag 8. desember** er det  
«Vi syng jula inn» i Landro kyrkje, der  
barne- og tweenskoret deltek saman  
med andre frivillige.

**Laurdag 4. januar** er det julefest i  
kyrkja, der vi også er med.

Kora deltek også på nokre  
familiegudstenester i haust; T4-  
familiegudsteneste den 1. september,  
hausttakkefest 20. oktober, og  
1. søndag i advent den 1. desember.

**Er dette noko for deg?**

Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30.  
(18.40 for tweens).

Mvh. Eline Olsen, organist og  
barnekorleiar i Landro kyrkje.  
Tlf. 906 05 332  
email: elineolsen@yahoo.com

## Sund og Landro med felles Juleprosjektkor



**Repertoar:**  
Variert julemusikk

**Øving:**  
i november, tid og stad  
vert avtalt etter påmelding.

**Framføring:**  
Landro kyrkje 8. des. kl. 17.30  
Kausland kyrkje 22. des. kl. 18.00

**Påmelding:**  
E-post: elineolsen@yahoo.com  
irina.piano.84@gmail.com



## Songkveld

med allsong og band  
i lag med songkoret

### TELOS

**Onsdag 16. okt. kl. 19.30**  
**Landro kyrkje**

Kollekt

Arr: Landro sokneråd i samarbeid med  
kyrkjemusikalsk utval for Fjell fellesråd

Aktuelle foredrag  
Musikalske opplevelser  
Starter 19.30 - kafe åpner kl 19.  
Gratis

## TEMAKVELDER

### Foldnes kyrkje



**Tania Michelet 24.sept.**



Foto: Anders Brekke/NRK

### 49 år som «skapkristen»

Jon Michelets eldste datter turte ikke å stå frem som kristen mens faren levde. Nå er Tania Michelet (49) døpt. Da fikk hun også vite en av farens hemmeligheter.

**Jan Erik Larsen 8.okt.**



### Når livets alvor treffer den gladeste gutten i klassen med et smell!

Jan Erik, tidligere programleder i Autofil og Broom deler sin historie og synger låter med Ramp-bandet.

# HalloVenn

Karneval med tema: Gode venner i jungelen!

Motto: "Det du vil at andre skal gjøre mot deg, det skal du gjøre mot dem!"

Ågotneshallen 31. oktober kl. 17.00-19.30

Åpning med Bjarte Leithaug og barnekor.

Godteri, pølser og aktiviteter inkl. i pris.

Pris: Barn kr. 110,- Voksen kr. 110,-

Makspris pr. familie kr. 350,- (foreldre+barn)

Barn må komme i følge med voksen.

Forhåndssalg av billetter på [www.checkin.no](http://www.checkin.no)

Restbilletter selges i døren.

[www.hallovenn.no](http://www.hallovenn.no)

Arrangør: Landro kyrkje og Metodistkirken på Sotra

Bruk fantasien og  
kle deg ut med kostymer  
fra jungelen!  
(skal ikke skremme andre  
— ikke skrekkmasker)

Godteri og  
aktiviteter!  
Dette blir gøy!





# Seksjonsleiar diakoni er tilsett

Astrid Fylling er tilsett som leiar for seksjon diakoni i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Astrid går inn i stillinga etter Torbjørn Fjøren som vart pensjonist i sommar.

Astrid Fylling (61) arbeider i dag i ei kombinert stilling som diakon i Løvstakksiden menighet og Bergen internasjonale menighet og som prestevikar i Bergen internasjonale menighet.

Astrid Fylling har tidlegare vore misjonær i Mali, rådgivar ved Bjørgvin bispedømekontor i 14 år innanfor området diakoni og har erfaring som sjukepleiar knytt til asylmottak.

Ho har som grunnutdanning sjukepleie og har seinare teke årseining i diakoni og vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie.

Astrid vert presentert nærare i neste nummer av bladet.

*Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden.*

## Takk for minnegave etter Terje Aannerød

Då Terje døyde i slutten av mars i år, var det ikkje noko som dempa den sorga og smerten som ramma oss alle. Vi er mange som ber på sorg over at han er borte.


I gravferda og på minnemøte fekk folk dele gode minner og fine opplevingar rundt livet hans.

Der samla vi også inn ei minnegåve til Bibelselskapet sitt arbeid. I kyrkja, på vipps og på gåvekonto kom det inn pengar. Til saman utgjorde dette 31 571 kr.

Terje gav sjølv pengar til Bibelselskapet over mange år. Vi trur at han ville ha sett pris på at denne store summen blir gitt til det arbeidet dei driv rundt om i verda.

Terje var utruleg glad i bøker, og Bibelen vart den boka han brukte mest i livet. Hans biblar var fulle

av understrekningar, ropeteikn og kommentarar i margin. Bibelen var alltid med, først i den brune gamle skinnsekken, så i den litt meir fancy skulderveska. Han ønska at folk skulle



få vite kva som stod i denne boka. Det var hans kall og jobb. Dei 25 åra han arbeidde som prest, ønskte han å dele evangeliet om Jesu kjærleik til alle typar menneske. Det viktigaste av alt for Terje var at folk skulle vite

at dei hadde verdi, og at dei var elska og ønska.

Minnegåva etter Terje er øyremerkt eit kinesisk trykkeri som produserer kinesiske biblar. Etterspurnaden etter biblar er stor i Kina. Dette trykkeriet er godkjent av styresmaktene, og dei kan produsere ein bibel for om lag 10 norske kroner. Det betyr at evangeliet som Terje ønska å dele, får heilt nye mottakarar. Og dei kan vere mange.

Sorga over Terje må vi bere med oss. Tanken på at Guds ord blir delt vidare gjennom hans minnegåve, er likevel eit lys å varme seg litt på.

Tusen takk til alle som var med og gav!

*Familien*

# Kyrkjevalet 2019

Valdagen er måndag 9. september 2019.

Vallokala er opne mellom kl. 09.00 og kl. 21.00.

Røystelokala (rommet) er tydeleg merka med kyrkjeval 2019.

## Fjell sokn

*Krins:* Ulveset  
Skålvika  
Kolltveit

*Stad:* Ulveset skule  
Skålvik skule  
Bildøyhallen

## Foldnes sokn

*Krins:* Foldnes  
Brattholmen  
Bjørøyna  
Hjelteryggen

*Stad:* Foldnes skule  
Brattholmen skule  
Bjørøy skule  
Hjelteryggen skule

## Landro sokn

*Krins:* Ågotnes

*Stad:* Ågotnes skule/  
Ågotneshallen

## Kandidatane til soknerådsvalet:



### Fjell sokn



**1. Jorunn Småbrekke Gjersvik**  
f. 1949  
Pensjonist

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Sundagsskulelærer i Fjell kyrkje medan våre born var mindre, i ca 10 år  
Kyrkjevert –2019  
Retreat 2011–2019  
Frivilligutval 2015

#### Satsingsområde

Kyrkja som Kristi kropp. Vi er ulike, og har ulike evner og anlegg. Kristus er Herre. Vi får lov å tena han. Barn og unge i kyrkja opplæring og fellesskap. Opne, inkluderande fellesskap i kyrkjelyden. Aldersgruppa 25–45.



**2. Hans Kristian Hornnes**  
f. 1967  
Principal Researcher

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Kyrkjelydsutvalget i Fjell 2007–2010

#### Satsingsområde

Ei inkluderande kyrkje der alle er velkomne.  
Kyrkjevekst  
Barne- og ungdomsarbeid



**3. Geir Roald Viken**  
f. 1968  
Trafikkplanlegger

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem diakoniutvalget 2016

#### Satsingsområde

Barne- og ungdomsarbeidet



**4. Ragnhild Andersland**  
f. 1958  
Spesialergoterapeut

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Leiar i Kyrkjelydsutval i Fjell kyrkje 1998–2000  
Konfirmantmedarbeidar 1992–1994  
Kyrkjevert, kaffikokar til kyrkjekaffi 2004–2006  
Søndagsskulemedarbeidar 1998–2004

#### Satsingsområde

Søndagsskule.  
Universell utforming og tilrettelegging av kyrkje og kyrkjelydssal.  
Regelmessige gudstenester med faste prestar.  
Starte bibelgrupper om hausten.  
Undervisning/Temakvelder for vaksne.



**5. Søgne Lillevik Nilsen**  
f. 1972  
Trusopplærer

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Søndagsskulelærer 2006–2019  
Kyrkjelydsutval 2006–2014  
KRIK 1993–2019  
Bibelkontakt 1997–2004

#### Satsingsområde

Barn, unge, vaksne, trygge fellesskap, generasjonsgudstenester



**6. Rachael Lorna Tufft**  
f. 1971  
Spesialrådgjevar

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Nestleiar i Fjell KFUK/KFUM 2018  
Vaksenleiar i Tensing Lukas 2008–2011  
Kyrkjelydsutvalet i Fjell 2005–2007  
Kyrkjekaffivert i Fjell 1995–  
Vaksenleiar i barnekor

#### Satsingsområde

Sjelesorg: Å møta menneske der dei er.  
Ei kyrkje for alle: Uansett kor dei er på si reise i trua.  
Ungdom og unge vaksne: Utvikla morgondagens leiarar i kyrkja.  
Programarbeid: Eit variert programarbeid som møter behov i lokalmiljøet.

**7. Kari Gangsø Aase**

Har meld flytting frå soknet.

**12. Gyri Ann Lie**

f. 1957  
Rågjevar

**2. Astrid Aksnes Myskja**

f. 1968  
Lektor

**8. Helge Nilsen**

f. 1966  
Lærer

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Soknerådsmedlem i fleire periodar, medliturg, forsongarteneste

**Satsingsområde**

Barne- og ungdomsarbeid.  
Gudstenester for alle.

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Kyrkjelydspedagog, T-dagen i Fjell kyrkjelyd

**Satsingsområde**

Ungdom, Kyrkjelydsfelleskap, Gudstenestearbeid

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Tilsett ungdomsarbeider i Fjell 1992–1995

**Satsingsområde**

Barn og unge  
